



Arkivnr: 2014/11976-41

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saksnr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.01.2016
Fylkesutvalet		29.01.2016

### Omklassifisering av Fv. 550 på Aga i Ullensvang

#### Samandrag

Etter veglova §7 1.ledd er det fylkeskommunen som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kommunen der vegen ligg, skal gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Det er bygd ny vegparsell i tunnel forbi Aga frå Syreflot til nytt kryss nord for Aga, lengde 1800 meter. I samband med reguleringsplanarbeidet vart det føresett at gamle vegen gjennom Aga skulle bli omklassifisert til kommunal veg når ny veg vart teken i bruk.

Grunnjevinga frå Statens vegvesen om å nedklassifisera gamle vegen, er at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde to parallelle fylkesvegar. Gamle vegen si funksjon etter omlegginga er av lokal karakter og stettar ikkje krava til fylkesveg. Statens vegvesen tilråd difor at vegen får status som kommunal veg.

Ullensvang herad har gitt uttale til saka og har motsette seg omklassifisering. Fylkesrådmannen tek dette til etterretning, men må likevel påpeika at vegen etter ny tunnel vart ferdig, ikkje oppretthalde krava til fylkeskommunal veg.

Fylkesrådmannen er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen, at vegen vert omklassifisert til kommunal veg.

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at gamle vegen Fv.550 gjennom Aga vert omklassifisert til kommunal veg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel


Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

### Fylkesrådmannen, 19.11.2015

Etter veglova §7 1.ledd er det fylkeskommunen som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kommunen der vegen ligg, skal gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Saka gjeld omklassifisering av Fv. 550 (tidlegare Rv.550). Det er bygd ny vegparsell i tunnel forbi Aga frå Syreflot til nytt kryss nord for Aga, lengde 1800 meter. I samband med reguleringsplanarbeidet var det føresett at gamle vegen gjennom Aga skulle bli omklassifisert til kommunal veg når ny veg vart teken i bruk. I planarbeidet kjem det fram;

*«Planen legg opp til å skilje lokaltrafikken frå fjerntrafikken. Såleis vil riksveg verta omgjort til lokalveg frå Syreflot til forbi Agatunet».*



Gamle vegtraseen som nå er foreslått omklassifisert til kommunal veg, er på ca. 1530 meter og har mellombels status som FT550 (T=temorary).

Ullensvang Herad har gitt uttale til saka, når vegen var klassifisert som riksveg (sjå vedlegg 2). Saka vart handsama i heradstyret i møte den 10. desember 2007(Sak 120/07). Heradstyret er ueinig i at vegen vert føreslelse omklassifisert til kommunal veg, og har fatta følgjande vedtak;

*«Heradstyret rår til at vegstrekka på Aga vert endra frå riksveg 550 til fylkesveg»*

Grunnjevinga frå Statens vegvesen er at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde to parallelle fylkesvegar. Gamle vegen si funksjon etter omlegginga er av lokal karakter og stettar ikkje krava til fylkesveg. Statens vegvesen tilrår difor at vegen får status som kommunal veg.

Før overtaking av heradet vil det verta føreteke vurderingar i henhold til NA-rundskriv 97/13 «*Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7*».

Statens vegvesen tilrår følgjande forslag til statusendring:

- Fylkesveg (FT) 550, HP50, km ca. 0,000 – ca. 1,530 mellom kryss ved Syreflot i sør til nytt kryss i vest (Raudsalen) – lengde ca. 1530 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkjøringsveg og for gåande og syklande.
- Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Ullensvang herad, skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13.

Ullensvang herad har gitt uttale til saka og har motsett seg omklassifisering. Fylkesrådmannen tek dette til etterretning, men må likevel påpeika at vegen ikkje oppretthalde krava til fylkeskommunal veg, ut i frå at det no er lokal trafikk langs vegen.

Statens vegvesen anslår at det vil kosta om lag 100.000,- kr for å setja i stand vegen, før denne blir overlevert til Ullensvang herad. Fylkesrådmannen vil påpeika at anslaget frå Statens vegvesen er usikkert, men at det høyst sannsynleg er mindre kostnader til dette.

Fylkesrådmannen er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen, at gamle vegen Fv. 550 gjennom Aga vert omklassifisert til kommunal veg.